



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Møtereferat

Hardanger og Voss Ungdomsråd tysdag 09.02.2021. Digitalt

Til stades:

Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Eusebiu Amanalachioai
Kvam herad	Ungdomsrådsnestleiar Sander Eide Aase
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsleiar Emilie Vivelid Tveit
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsnestleiar Mathilde Myklatun Hole
Ulvik herad	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Ulvik herad	Ungdomsrådsnestleiar Øyvind Fleten
Voss herad	Ungdomsrådsleiar Marcelius C. Prestegård
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsleiar Emilie Ribesen Skjærvold
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsnestleiar Phillip L. Tandberg

Ikkje møtt:

Voss herad	Ungdomsrådsnestleiar Emma Tveit
------------	---------------------------------

Kontaktpersonar:

Ullensvang kommune	Vibeke Lynghamar
Kvam herad	Kari W. Vik
Voss herad	Eivind Lorentzen Djønne
Ulvik herad	Hege Børve
Hardangerrådet	Trude Lægreid Rinaldo

SAKLISTE:

HU-sak 06/21 Saker melde inn ved møtestart.

Ingen saker innmeldt ved møtestart

HU-sak 07/21 Utsetjing av Hardanger Ungdomsting 2021

På grunn av pandemi må me utsetja ungdomstinget endå ein gong. Men det er svært uheldig å måtta utsetja til hausten og då kanskje til våren 2022. HU har vore flinke å halda det igang, og det skal dei fortsetja med.

Løysinga ein kom fram til etter drøftingar i møtet er slik:

Rådet utset Hardanger Ungdomsting til Onsdag 2. juni 2021 kl 1400. Møtet vert

HYBRID og skal gå føre seg slik: Alle ungdomsråda samlar seg kvar for seg i eigen kommune, og så har ein eit felles digitalt møte mellom alle rådene.

Me inviterar innleiarar til møtet som planlagt.

(Ein veit sjølv sagt ikkje om dette lar seg gjennomføra 100%, men ungdomsråda er kvar for seg færre enn 10 personar, så mykje tyder på at dette vil la seg gjera.)

HU-sak 08/21 Uttale til RTP 2022-2033 frå Hardanger og Voss Ungdomsråd

Vedtak:

Uttalen er godkjent med oppdatering gjort i møtet, og vert sendt til Vestland fylkeskommune ved fylkesordførar Jon Askeland med kopi til ordførarane og kommunane i Hardanger og Voss.

Uttalen er vedlegg til dette referatet.

HU-sak 09/21 Drøfting av ny valperiode for ungdomsråd i Hardanger og Voss

Saka vart drøfta og dette kom rådet fram til:

1. Når det gjeld kvart enkelt ungdomsråd så er det kun råda sjølve i eigen kommune som kan diskutera og laga nye valordningar. Men det er viktig og nyttig å kjenna til kvarandre sine løysingar og vedtekter.
2. Valordningar og vedtekter for Hardanger Ungdomsråd kan HU laga sjølv. Men dei må også godkjennast av kvart ungdomsråd, og til slutt av Hardangerrådet.

Og HU tek saka vidare med dette utgangspunktet for drøftingane:

Hardanger og Voss ungdomsråd endrar valperiode til å gjelda for eit kalenderår, dvs 01.01-31.12 kvart år.

Desse hensyna må takast med:

- At medlemmer som flyttar ut av kommunen kan møta digitalt.
- At medlemmer ikkje overstig aldersgrensa, dvs vera vald før fylte 19 år.

Fordelar med dette er at rådet kan og vil verta meir aktiv heile året, og då kan ein arbeida med mange fleire saker og ta del i nye prosjekt.

Saka skal drøftast på neste møte, 15.03.2021.

HU-sak 10/21 Viktige saker for ungdom.

Kan me gjera noko for born og unge i Hardanger, når me ikkje får lov til å vera saman fysisk?

Her kan ein finna på ulike ting, men HU har ikkje tru på verken bingo eller quiz. Det må vera meir spennande enn som så. Men dei har lyst å få til ei **Gaming-turnering**.

HU set igang og har oppnemnt denne arbeidsgruppe:

Phillip, Bjørk, Marcelius, Matilde og Eusebiu, som skal ha møte onsdag 17.02.2021 kl 1600.

Kalenderinnkalling vert sendt ut.

Phillip tar kontakt med Kinsarvik Breiband, for å høyra om dei kan arrangera dette for oss, eller eventuelt kven me skal kontakta for å få det til.

HU-sak 11/21 Nytt digitalt føredrag rett til ditt klasserom?

HU vil gjerne arrangera nytt digitalt føredrag rett til alle klassane ved ungdomsskulane og VGS i Hardanger og Voss.

Rådet vil spørja "**Piateed**" om ho kan halda det i veke 37.

Administrasjonen skal ta kontakt og laga avtale.

Når ein har funne føredragshaldar og tidspunkt, tek me kontakt med skulane og avtalar som sist. Me skal også søkja om stønad til føredraga.

HU-sak 12/21 Informasjon om arbeid frå kvart ungdomsråd

Ulvik: Mykje korona i Ulvik no.

Låg aktivitet men hadde ungdomsrådsmøte i går (08.02.2021) og diverre er LAN avlyst.

Ullensvang: Hadde møte i januar, generelle saker. Ny sak om Entrepreneurskap i VGS.

Voss: Berre små diskusjonar om interne saker.

Eidfjord: Dei har ikkje hatt møte sidan sist, men skal ha snart.

Kvam: Hadde også møte 08.02.2021 og diskuterte sakene for dette møtet, særleg forslag til RTP uttale.